

Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd

Stad: Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 25.11.2025
Tid: kl. 19.00-2100
 Soknerådsmøta er opne.

Dato: 25.11.26		
Innkalla : Norunn R Markhus, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjørn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
Ikkje til stades: Bård Magnus Lundestad, Anne Christin Myklebust		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	- Godkjent
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	- Litt info frå fellesrådet - Minnelunden er under arbeid og ligg godt an - Økonomien er den same - Juletre – Aina og Gunlaug pyntar treet fredag 12.12 - Trude Torvund har sagt ja til å vera revisor
1	Evaluering av gudstenester mm	- Salmekveld – 99 stk til saman. Veldig koseleg kveld, mykje god tilbakemelding. Positivt med samarbeid med Mållaget. Takka av Roar. - Gudsteneste med Stefanusalliansen med besøk av flykting frå Nord-Korea – masse folk i kyrkja. Ungdomsdåp av ein konfirmant frå Strandebarm.

		- Konsert med Ungdomskoret, mogelegheit for allsong og ein flott konsert med godt oppmøte. - Allehelgensdag – ein del inviterte møtte. Fint å minnast dei som har gått bort. Fin stund. Inger Dysvik song. - Siste søndagen – barnedåp og ein del folk. Aktiv bruk av leikekroken – den bør kanskje ryddast.
2	Kyrkjebygget og uteområdet, vedlikehald og bruk av gåvepengar	- Barnekroken bør ryddast i og kanskje supplerast noko. Therese spør Kari Aalvik om ho ynskjer å ta litt ansvar for kroken, handla inn og forbetra den litt. - Putene som skal fiksast er levert til Rolf Augestad - Litt småflikking med maling gjenstår. - Salmebøkene er godt brukt og slitne, det trengs og fleire blå salmebøker. Norunn forhøyrer seg om eventuelt gjenbruk frå andre kyrkjer. - Julekrubba – me har fått litt støtte til dette. Me kan og nytta gåvepengar til dette. Kva skal me gå for? Norunn undersøkjer kva ein kan få tak i.
3	Konstituering av rådet for neste år	- Leiar: Kjell Dysvik - Nestleiar: Astrid Lunestad - Skrivar: Anne Christin Myklebust - Kasserar: Bård Magnus G. Lundestad

		- Korkontakt: Anne Britt Berge
4	Tildeling av kyrkjelydsoffer jan-aug 2026	- Liste fram til august vert vedtatt – vedlegg til referatet - Atterhald om justering i tråd med endringar i gudsteneste-opplegg i laupet av perioden
5	Søknad om stønad til NØUK (Ungdomskoret)	- Utsett
6	Kvalitetssikring av oppgåver neste månad	- Ljosmesse – Konfirmantane er delt i to, 13 i Ålvik og 15 i Øystese. Ålvik 30. november klokka 17, Øystese 7. desember klokka 17. - Norunn spør om Mikkjelsflaten ynskjer at kyrkjelyden kjem bort og syng ein song for bebruarane på utsida av stova i løpet av gudstenesta. - Anne Christin og Ruben er kyrkjevertar, Ruben og Kjell går med faklar, Anne Christin lagar gløgg. - Møtedatoar neste år 13.01 3.2 17.3 5.5 2.6 - Fordeling av kyrkjevert vår – 25. Lista gjekk rundt og alle skreiv seg på. - Salmekveld 10.02 – me kjem tilbake til tema
	Eventuelt	Møtet vert avslutta med “Vår far”.